

Skjema 40 - Kontantstraumoppstilling

Kontakt SSB: Spesialisthelsetjenesten@ssb.no

Korleis nyttar vi tala?

Data som vert samla inn i skjemaet vert nytta som grunnlag for [SSB Statistikk](#) [Spesialisthelsetjenesta](#) og [Statistikkbank tabellar](#). Her finn ein tabellar under tre hovudtema: 1) Reknskap, 2) Personell og 3) Aktivitetar og tjenester.

Hovudkjelde for 1) er funksjonsfordelte resultatrekneskap frå helseføretak (HF) og regionale helseføretak (RHF), utdrag frå resultatrekneskap for private institusjonar, kontantstraumoppstilling og balanserekneskap for HF og RHF.

Hovudkjelde for 2) er data rapportert på verksemdsnivå til A-ordninga. Dette vert supplert med rapportering frå regionale helseføretak av avtalar som er inngått med private avtalespesialistar.

Hovudkjelder for 3) er kapasitetsdata frå SSBs statistikkskjema som er supplert med aktivitetsdata som er rapportert til Norsk pasientregister (NPR).

Data som vert rapportert i skjemaet vert nytta i denne tabellen:
[Tabell 03746 – Spesialisthelsetjenesten, investeringer i realkapital, etter investeringsaktivitet og helseforetak \(mill. kr\)](#)

Data som vert samla inn nytta til analyse i SSB og andre institusjonar.

Data som vert samla inn nytta også i SSBs publiseringar for nasjonalreknskap, inkl. [Helsereknskapet \(SSB\)](#), og inngår som del av internasjonal rapportering til OECD, Eurostat og FN.

Skjemaet

Dei regionale helseføretaka og helseføretaka skal etter helseforetaksloven følgje regnskapsloven. I samsvar med § 6-4 i regnskapsloven skal ein utarbeide ei kontantstraumoppstilling. Norsk Regnskapsstiftelse fastsette i oktober 1995 ein førebels rekneskapsstandard (revidert juni 2008) om kontantstraumoppstilling, og SSB har utarbeidd skjemaet på basis av den indirekte metoden. Kontantstraumoppstillinga er eit verktøy for å kunne analysere kva høve føretaka har til å generere likviditet for framtidige utbetalingar. For SSB er kontantstraumoppstillinga ein reiskap i kartlegginga av utviklinga i bruttoreal-investeringane i dei helseføretaka som det offentlege eig, til bruk i mellom anna nasjonalrekneskapen. Det er difor gjort ei nærmare oppsplitting av enkelte opplysningar for å kunne tilpasse opplysningane i nasjonalrekneskapen.

Ved utfylling av skjemaet tek ein utgangspunkt i årets resultat og rapporterer dette positivt dersom overskott og negativt dersom underskott. Av dette følgjer forteikna elles i skjemaet med til dømes positive innbetalingar og negative utbetalingar.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar

I pkt. A tek ein utgangspunkt i Årsresultat før skattekostnad og legg til eller trekkjer frå verdiar som har verknad for framtidig inntening (endringar i varelager, leverandørgjeld, kundefordringar, avskrivingar, opp- og nedskrivingar osv.) der ein også hentar opplysningar frå balansen. Dette er opplysningar knytte spesielt til den operasjonelle aktiviteten i føretaket.

Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar

I pkt. B blir inn- og utbetalingar i samband med investeringsaktivitetar kartlagde. Her er det gjort ei oppsplitting for å sikre spesielle behov i nasjonalrekneskapen og annan statistikk.

Oppstilling av kjøp og salg av driftsmiddel:

- Grunn, land og tomter (ref. kont 114 og 115 i balansen)
- Fast realkapital; bygning og anlegg (ref. kto. 110, 112, 113, 116 og 119 i balansen)
- Transportmiddel (ref. kto. 123 og 124 i balansen)
- Datautstyr, inventar og utstyr (ref. kto. 121, 125, 126 i balansen)
- Medisinsk utstyr og maskinar (ref. kto. 120, 127, 128 i balansen)
- Annan realkapital (ref. kto. 129 i balansen)
- Immaterielle eidedelar (ref. kto. 100 - 108 i balansen)

Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar

I pkt. C blir det gitt ei oversikt over finansieringsaktivitetane i selskapet. Nedbetaling av lånegjeld, og opptak av nye lån samt andre finansieringsaktivitetar eksternt og internt i konsernet i forhold til driftskreditt og eigenkapital.

Kontantar og kontantekvivalentar

Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar og

+ Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar og

+ Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar = Netto endring av kontantar og kontantekvivalentar. Dette beløpet + Likviditetsbeholdning ved starten av perioden = Likviditetsbeholdning ved slutten av perioden.

I siste linje er det ein kontrollfunksjon som skal ha verdien 0 dersom kontantstraumskjemaet er fylt ut korrekt.